



DET · NORSKE · TEATRET

C 159 112290

DET NORSKE TEATRET

i samarbeid med

RIKSTEATRET



«Herborg og Vigleik»

Skodespel i 4 akter

av

Sjur Lothe

Lykke på ferda

Då Haugesund hadde byjubiléet sitt i fjor sumar høgtida Det Norske Teatret dette hundreårsjubiléet med ei fram-syning av Sjur Lothes «Herborg og Vagleik», eit skodespel av ein forfattar frå sjølve jubileumsbyen. Det vart ei fest-framsyning som ikkje blir gløymd i Haugesund. Og same gleda vekte denne turnéen i Hardanger der Sjur Lothe har henta stoffet til «Herborg og Vagleik».

Når Det Norske Teatret no dreg ut på ny spelferd i samarbeid med Riksteatret og syner fram «Herborg og Vagleik», vonar vi at eit nytt stort publikum vil ha glede av framsyninga.

Vi ynskjer Det Norske Teatret lykke på ferda.

Riksteatret.




LIVS- OG PENSJONSTRYGDING, OSLO

WILFA

Type W 5

3 ÅRS GARANTI




Støvsugereren med
regulerbar sugesvne

MARKEDETS KRAFTIGSTE HUSHOLDNINGSSTØVSUGER

WILFA

3 ÅRS
GARANTI

7HJUL
ELLER MEIER



TYPE
W-8

-til den rimelige pris KR. 318-

Det Norske Teatret på spelferd

Det Norske Teatret har etter vedtektene sine til føremål å syne fram skodespel på norsk mål både i bygd og i by. Det Norske Teatret vart skipa i 1912 og hadde den fyrste fram-syninga si ute på spelferd i Kristiansand 2. jan. 1913. Fyrst i oktober same året opna teatret i hovudstaden!

I den fyrste tida var teatret på spelferd over heile landet, opp til 5—6 månader i året. Etter kvart vart spelferdverksemda noko mindre, men heilt fram til krigen var teatret ute 2—3 månader kvart år.


Ein kan seia at Det Norske Teatret i lange tider var eit riksteater. No har vi fått Riksteatret, og Det Norske Teatret har samstundes etter stortingsvedtak plikt til å sende ut spelferder med 30 framsyningar i året. Det vil ikkje seia at teatret *berre* vil spela desse 30 framsyningane, det vil gjerne freiste få så mange framsyningar som råd er ut over landet. For eit par år sidan var teatret oppe i 80 framsyningar på spelferd.

I fjor (1953/54) hadde Det Norske Teatret 3 spelferder med til saman 64 framsyningar.

I denne spelbolken (1954/55) har teatret tidlegare hatt 47 framsyningar i Nord-Noreg og på Vestlandet. Og når denne ferda med «Herborg og Vagleik» er til ende, når vi opp i om lag 75 framsyningar.

Det er tanken å få ut endå ei spelferd i år.

Dei framsyningane vi sender ut, blir sette opp i samarbeid



Nils Sletbak

Om skogbruk og skogsliv i alle landsluter kan De lesa i

**SKOG-
EIEREN**

Det populær-faglege og allsidige
månads-tidsskriftet, i farge-
trykk og rikt illustrert.

Kr. 10,00 for året.

ADRESSE: STORTINGSGATA 30 — OSLO

Elektriske støveltørkere

For barn kr. 21.00. For voksne kr. 23.50.
Våte gummistøvler og annet skotøy tørkes
fint i løpet av natten. 16 W. 1 års garanti.
De bør finnes i ethvert hjem.

Elektrisk vaffeljern


kr. 100.00 uten kabel.

Elektrisk kromkakejern

kr. 100.00 uten kabel.

Elektrisk strykejern

innstillbar for alle vanlige spenninger i alle land. Egner seg også
ypperlig for strykning av barnetøy. — Pris kr. 39.50 med pose. _



Føres i alle elektriske forretninger

Sjur Lothe



Sjur Lothe er ein kjend Haugesund-mann. Her vart han fødd i 1893 og herifrå har han henta emne til fleire av romanane sine. Ætta hans er frå garden Lote i Kinsarvik, og i romanserien «Underveis», «Mot målet» og «Den nye dag», som kom ut frå 1949 til 1952, har han skildra det store oppbrotet frå bygd til by slik det gjekk føre seg i eit typisk vestlandsmiljø i 30-åra av førre hundreåret. Lothe gjekk grundig til verks med sovegransking og arkivstudiar av ymse slag før han skreiv denne romanen, men mest nytte har han

Herborg

Skodespel i 4 akter

Sett i scene av E

Dekorasjonane av S

Dei som er med:

Svein Løstad, bonde

Åsa, kona hans

Vigleik, son deira

Ragnhild, dotter deira

Herborg, kjærasten til Vigleik

Gamle-Herborg, faster til Vetla-Herborg

Hallstein, jakteskipper

Hendingane går for seg i

1. vending i

2. » i

3. » i

4. » i

Pause et

og Vagleik

av Sjur Lothe

Edvard Drabløs

Thorvald Tindberg

..... Lars Tvinde
..... Henny Skjønberg
..... Magnus Tveit
..... Eva Sletto
..... Anne Ma. Rathke
..... Åsta Uoss
..... Edvard Drabløs

i Hardanger hausten 1837.

Løstad-stova.

Torsteins-stova.

Løstad-stova.

Torsteins-stova.

2. akt.

Turnéleiar: Trygve Nørve.

Island i sogetida

Av Enok Opsund

Ei god og viktig hjelpebok om Islands søge og litteratur fram til året 1262. Undervisningsrådet rår til at «Island i sogetida» vert nytta som hand- og oppslagsbok for norsk- og historieundervisninga i gymnaset. *Pris kr. 18,75 innb.*

FONNA FORLAG — OSLO

Norsk Bonde og Småbrukarlag

er fagskipnaden for det mindre jordbruk.



*Alle som vil framgang i jordbruket
må bli med i den organiserte småbrukarrørsla.*

MASKINLÆRE FOR LANDBRUKET

Lærebok ved jordbruksskolene. — Oppslagsbok for bønder og småbrukere.

325 sider. 416 ill. Pris innb. kr. 20.00

Fåes hos alle bokhandlere eller direkte mot oppkrav fra:

Norsk Landbruksteknisk Forening

Låveveien 40, Godlia, Oslo

Framhald frå side 7

vel hatt av ættetradisjonen og den munnlege forteljekunsten, som enno er levande på dei kantane. Det er i alle fall eit sers levande kulturbilete ein opplever i dette verket, med sterk dramatisk bryting mellom den gamle bufaste ættefaren og den unge, djerve, sjølvrådige sonen som skaper leveveg etter sin eigen hug. Hovudpersonane er Herborg og Vagleik, som vi fylgjer ein mannsalder frametter.

Det låg nær å tenkje på dramatisering av dette rike stoffet, og fyrste venda forma Lothe det som høyrespel for Kringkastinga, der det vart framført med tittelen «På veg mot målet» i september 1951. Seinare har han arbeidd med ei dramatisering for scenen, og det er dette arbeidet som no ligg føre og får si framføring på Det Norske Teatret.

Teatret er glad for at det kan føre fram dette stykket just som heimbyen til forfattaren høgtidar hundreårsdagen etter grunnlegginga. Det er gildt at teatret på denne måten kan fortelja og tolke for yngre ættleder korleis dei som skapte byen på Haugalandet, levde, tenkte og tala.

Olav Dalgard.



Lars Tvinde



Henny Skjønberg



Edvard Drabløs

Framhald frå side 5

med Riksteatret, såleis at det hjelper til med tilskipinga og rutene for spelferdene.

Alle vi på Det Norske Teatret gler oss til å koma ut på spelferd. Vi meiner teatret har ei stor oppgåve med å nå fram til flest mogeleg med framsyningane sine, anten det er norsk eller utanlandsk dramattikk. Vi vonar at folk ut over landet

set pris på at teatret kjem, at dei møter opp og fyller teaterhuset og skaper det samspelet mellom publikum og scenen som skal til for å skapa den verkeleg gode framsyninga.

Nils Sletbak.



Norsk Redningskøytene

stert eller veiledet til los, 84 syke ble transportert til sykehus.

NORSK SELSKAB TIL SKIBBRUDNES REDNING (Redningsselskapet)

Nedre Vollgate 3, Oslo

Redningsskøytenes arbeide i 1954.

29 mennesker ble reddet fra den visse død, 2426 mennesker ble hjulpet på sjøen, 422 større og mindre fartøyer ble berget, innslept, assi-

Ingen heim utan hage.

Målet for Det Norske Hageselskap er hage ved alle heimar som har jord til det og ingen heim utan grønsaker, bær, frukt og blomar på kvardagsbordet. Bli medlem i selskapet! Det kostar kr. 10,00 for året i medlemspengar. Alle medlemmer får tilsendt tidskriftet «Norsk Hagetidend» og småskriftet «Minneliste for hagedyrkere».

DET NORSKE HAGESELSKAP

N. SLOTTSGT. 4 — OSLO

Ein ny norsk skodespelforfattar

Vi har den gleda å ynskje ein ny norsk forfattar velkomen til Det Norske Teatret.

— Er det fyrste gongen De i det heile har eit skodespel framført på teatret? spør vi forfattaren Sjur Lothe.

— Ja, det er fyrste gongen, men ærleg tala har det ofte vori i tankane mine å prøve. Det hadde vel då legi nærmare å hente stoff frå yrket mitt — forretningslivet. Men i arbeidet med dei kultur-historiske romanane frå Haugaland og Hardanger fekk eg den idéen å skrive høyrespelet «På veg mot målet» som vart spela to gonger av Radioteatret. Og så var steget ikkje langt frå å freiste skrive skodespelet «Herborg og Vigleik».

— Kvifor skriv De nett om 1830—40 åra?

— For di dette var ei interessant brytings- og nyreisings-tid, både materielt og åndeleg.

Framhald side 14



Asta Uoss



Magnus Tveit



Eva Sletto



Anne Ma. Rathke

— Var denne tida meir interessant enn mang ei anna tid?

— På sitt vis kan ein vel seia det. Då kom dei liberalistiske idéane strøymande inn frå Europa og fekk has på bann og tvang som vi drogst med frå den danske einvalds-tida. Såleis fekk vi Handelslova i 1842. Denne og det rike sildefisket nytta det flittige og kravlause folket her til å reise nye heimar ved allfarvegen i Karmsundet og skapte grunnvollen for byen Haugesund, som i år høgtidar 100-års-jubiléet sitt.

— Men De nemnde og det åndelege området?

— Velstandet førde med seg nytt syn på så mange ting. Og nasjonalromantikken vart fødd i ei nyvekt fedrelandskjensle som vart skapt i 1814 og utetter.

— Kvifor skriv De nett om Hardanger?

— Ja, det heng kanskje saman med at Hardanger på den tida var eit av dei distrikta som kom sterkast fram i skildringane — både i diktar- og målarkunst. Vi fekk no det nye omgrepet «turisme», om vi alt så tidleg kan bruke dette kravstore ordet. Men nett i denne tida vart bonden og naturen oppdaga, og det vart «mote» å vitja Hardanger.

— Er ikkje slekta Dykkar frå denne vakre landsluten?

— På farsida ættast eg frå Lote i Kinsarvik. Difor var det og naturleg for meg å ause tilfang frå ættesoga mi i Hardanger, og skildra korleis fleire og fleire av ætta reiste ut til kysten og slo seg ned der. Her dreiv dei jaktebruk og sildehandel og den unge strandstaden Haugesund vart busett og bygd — og vart sjølvstendig bykommune i 1854.

Liv Løvland.

Boka for alle teaterinteresserte.

Olav Dalgard: **TEATRET**

Bd. I Frå Aiskylos til Ibsen. Hefta kr. 16,00, ib. 18.80

Bd. II Teatret i det 20. hundreåret. Hefta kr. 19,00, ib. 24,20

I alt 604 sider, med om lag 140 illustrasjonar

DET NORSKE SAMLAGET

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

Schweigaards gate 2 (Kjøttshallen)

Inngang Grønlands torv

Sentralbord 68 35 00

La ostene få en bredere plass i kostholdet.

Sundt og godt pålegg.

Ost er sikringskost for store og små.

Norske Meieriers Salgssentral


Oslo - Bergen - Stavanger - Trondheim - Harstad

Fagleg nytt

frå alle greiner av landbruket får De gjennom tidsskriftet

«NORSK LANDBRUK»

Gå til postkontoret i dag og bli abonnent!



KVALITETSMERKE

ALT I RÖRBRANSJEN

Spör oss!



eller spør etter våre varer hos
Deres leverandør på hjemstedet